Emne nr ~~80~~ 78 1.

Fortald av Johs Dahl, Verdal

N. Trøndelag fylke.

Frå robåt og seil til motor.

Da eg har svært lite kjennskap til fisking i sjøen, måtte eg leite meg fram til ein gamal fiskar, Johan Hynne, ca. 70 år gml. Da bygda når ned til fjorden med ei stripe på ca 10 km er det ikkje vært mange som har drive med fiske i noen større målestokk.

Dei fleste båttyper var småfæringer som dei rodde med 2 årer, og seksringer for 2 mann og 6 årer. Dei brukte liner og fleire slag garn – Torskegarn, hysegarn og sildgarn. Var dei fleire saman, delte dei utbyttet slik at halvparten fall på han som åtte båten, og den andre halvpart vart delt likt på dei andre. Opplæring av dei yngre gjekk for seg slik at dei tok til å vera med på sjøen og lærde av dei andre.

Motoren. Kom først i bruk her i 1910. Det var ein frå bygda som hadde vore i U.S.A. Da han kom att hadde han med seg ein båtmotor som han sott tok å brukka på fjorden. Han var svært varsam og redd for at noen skulle koma bort i han. Dei eldre fiskarane som såg dette, tykte nokk det kunne vore bra å sleppe å ro, men dei var no så dyre, og så måtte bruke olje, som også koste nokk, dei fekk nokk hjelpe seg med dei greiene dei hadde hatt før. Dei hadde no greidd seg så

14385

med det at du fekk vel la det gå på den
gamle måten. Men det varde ikkje så
lenge før nokon tok til å skaffe seg motor
og så varde det ikkje så lenge før det
vart til ein kappestrid mellom dei
å skaffe seg motor til båten. Det som
særleg hadde vakt mistru til motoren
var at dei trudde han skremde vekk
fisken, men da dei såg at fisken
ikkje let seg skremme gjekk dei over
på motoren. Dei fleste var på 10 h.k.
Å bruke motoren lærde dei av kvarandre
Og samstundes var det smedar og meka-
nikkarar som lærde seg å reparere dei.
Før å sikra seg om motoren skulle stoppa
hadde dei som før eit lite råsegl
på båten.

Dei som tok til å bruka motor var
svært godt tilfreds med dei. Det var
især når dei tok på lengere reiser at
dei vart spara for den lange
roinga. Dei fleste heldt seg innanfor
fjorden, no var det nokon som
vaga seg heilt ut på havet.

Var det så stor båt at det var
fleire eigarar av han, var dei også
samtlege eigarar motoren. Elles det
ein veit var det ingen her i bygda
som hadde så store båtar at dei kunne
ta del i Lofotfisket. Dei som var
med på dette tok hyre med ein
storbåt frå kysten som lottekar.

Dette er no det som eg har
fått vite om desse ting.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14385